

S 29/10-08

Kunnskapsministeren

Skular i grunnopplæringa, skuleeigarar, rektorar og leiarar
av FAU

Dykkar ref

Vår ref
200805092

Dato
29.10.2008

Oppmodning om styrking av heim-skule-samarbeidet

Kunnskapsdepartementet ser kor viktig det er at foreldra engasjerer seg i skulearbeidet til barna. Ei rekkje undersøkingar og forskning stadfester dette. For klart å kommunisere kor viktig eit godt samarbeid mellom skule og heim er, ønskjer regjeringa i Stortingsmelding 31 *Kvalitet i skolen*, at kommunar og skular styrkjer dialogen mellom foreldre og lærarar slik at dei opplever kvarandre som ei gjensidig støtte og ein ressurs i opplæringa til det einskilde barnet.

Fleire kommunar og skular har allereie starta med "foreldreskular" der foreldra tidleg i skuleåret blir bedne inn til samlingar på skulen. Formålet med foreldreskulen er å byggje ned tersklane mellom heim og skule og avklare dei forventningane foreldre og skule har til samarbeidet. Departementet meiner skulane kan ha mykje å tene på opplegg som gjer at foreldresamarbeidet blir godt, og slik at foreldre og skule saman kan definere korleis alle foreldra kan medverke til at elevane får god læring. Foreldreskular kan vise korleis foreldra konkret kan støtte barna sine fagleg i skulearbeidet. Foreldra og skulen kan óg saman utarbeide visjonar, strategiar og mål for eigen skule.

Det er god førebygging at det tidleg blir skapt gode band mellom heim og skule. Det er spesielt viktig i overgangane mellom ulike steg i opplæringa. Nær kontakt mellom læraren og foreldra kan føre til at ein på eit tidleg tidspunkt avdekkjer utfordringar og det potensialet eleven måtte ha.

På heimesidene til Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) (www.fug.no) kan ein finne mange gode døme og tilvisingar til relevant forskning på korleis skulen kan lage

gode relasjonar til foreldra frå dag ein. Eg vil oppmode kommunane og skulane om å gjere seg bruk av den kunnskapen som allereie finst i foreldre- og skolemiljøutvala på alle skular.

Til sist vil eg på nytt minne om ansvaret som kommunen som skuleeigar og den einskilde skulen har for å leggje til rette for eit godt samarbeid med heimen.

Med helsing

Bård Vegar Solhjell

